
Allkunne vurderer ikkje lenger rettslege steg

Notat frå Allkunne AS 19.1.2011

3. januar sende Allkunne via advokat brev til Wikipedia med skuldingar om plagiat av Per Halse sin artikkel om Arve Brunvoll. Samstundes dokumenterte Allkunne tilfelle av omskriving, der førelegget lett kunne identifiserast. Dette gjaldt både tekststruktur og enkeltformuleringar. I desse tekstane var setningar identiske med setningar frå artiklane på Allkunne, utan at identiske setningar var markerte som sitat med sluttnote.

Allkunne presenterte også eit økonomisk krav på til saman 75 000 kroner som erstatning for krenking av opphavsretten og brot på åndsverklova samt oppreising for ikkje-økonomisk skade. Det vart også lagt fram krav om at Wikipedia måtte fjerne dei aktuelle artiklane frå sin nettstad, og samstundes sjå på eigne rutinar for publisering.

Dersom ein ikkje kom fram til ei minneleg løysing i saka, ville Allkunne vurdere rettslege steg.

Allkunne ønskjer å understreke at det aldri har vore framsett eit søksmål mot Wikipedia, slik det feilaktig har kome fram i media.

Wikipedia har vore positive til dialog i samband med denne saka, og leiinga i Wikimedia Norge har vist forståing for og sett alvoret i Allkunne sine skuldingar. Wikipedia har fjerna dei nemnte artiklane, og vil ta naudsynte grep for å unngå liknande tilfelle i framtida. På bakgrunn av dette vurderer ikkje lenger Allkunne rettslege steg.

For Allkunne har denne saka handla om å forsvare og setje søkelys opphavsretten og åndsverklova, og ingenting anna.
